



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2025

68. årgang



- og atter som eit under nytt liv av daude gror

**REDAKTØR: Kyrkjevevja**

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik  
Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

**REDAKSJON: Anne Tveit**

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik  
482 28 353. [annetveit46@gmail.com](mailto:annetveit46@gmail.com)

**KORREKTUR: Marit Sandal****BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.  
VIPPS: 706144.

**TRYKKERI:**

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST**

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169. [hk482@kyrkja.no](mailto:hk482@kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes**

Tlf. 970 44 591. [is299@kyrkja.no](mailto:is299@kyrkja.no)

Fri fredag.

**KONTORSEKRETÆR:**

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586  
[ms859@kyrkja.no](mailto:ms859@kyrkja.no). Kontor tysdag og  
torsdag.

**TRUSOPPLÆRAR: Åse Haugen,**

tlf. 482 50 014 [ah346@kyrkja.no](mailto:ah346@kyrkja.no)

**Felles e-postadresse til kontoret:**

[post.gulen@kyrkja.no](mailto:post.gulen@kyrkja.no)

**ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,**

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

[pj847@kyrkja.no](mailto:pj847@kyrkja.no)

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/****FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

[bodil.bjorlo.takle@enivest.net](mailto:bodil.bjorlo.takle@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** *Kyrkja i Gulen.*

## Redaksjonen

Lyset har overteke for mørket, og vinteren held på å misse taket. Eit like stort under kvart år! Årsmeldinga frå Gulen kyrkjelege råd og fellesråd fyller ein stor del av bladet – det er gledeleg å lese om alt det positive som skjer rundt om i sokna våre. Neste nummer kjem i juni, og frist for innsending av stoff er **10. mai**. Årets påskeandakt er skriven av biskop Ragnhild Jepsen.



«Sjå det Guds lam som ber heimens synd». Tekst på altartavla i Brekke kyrkje. Arkivfoto.

## Den tomme krossen

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som

bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og liding, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær. Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.


Det sterkaste symbolet i kyrkje-rommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskebodskapen: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande syng *Kristus er oppstaden*, er det som om vi enno ei tid må leve med eit ope spørsmål utan eit sjølvsagt svar. – Kva vil skje med

oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad.

For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og dør langfredag, også deler alle menneske sine langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneske si glede og livskraft.



«Eg lever, og de skal leva». Tekst på altartavla i Mjømna kyrkje. Arkivfoto.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda. Vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt.

Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påkehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over

oss. I påska feirar vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennest som ei klo i bringa som aldri slepper taket. Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre. For livet og håpet er sterkare!

*Døden må vike for gudsrikets krefter!  
Livet er gjemt i et jorddekket frø.  
Se, i oppstandelsens lys skal vi leve.  
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*

(Svein Ellingsen. Norsk salmebok nr. 209)

*Biskop Ragnhild Jepsen*



*Biskop Ragnhild Jepsen på preikestolen i Gulen kyrkje 25. august 2024. Foto: AÅS*

## **Årsmelding for Gulen kyrkjelege fellestråd 2024**

*VISJON: Meir himmel på jorda.  
Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande, og misjonnerande folkekyrkje som vitnar i ord*

*og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.*

### **Meir himmel på jorda**

Folkekyrkje. Tenande. Misjonnerande. Slik står det i visjonen til Den norske kyrkja. Når enno eit år er omme, er det tid for ransaking. Har kyrkja i Gulen vore med å fylle denne visjonen?

Årsmeldinga skal gje eit bilete av året som har gått, og kan kanskje gje nokre svar på det.

Landslovjubileet. Kristenretten. Jubileumsfeiring.

Året har vore innhaldsrikt, og for kyrkjeverja har det vore stor spennvidde i arbeidet: Frå tur til Cuba i januar i regi av Bjørgvin bispedøme med besøk hjå venskapskyrkjelydar, til jubileumsfeiringa på Gulatinget og i kyrkja i samband med landslovjubileet i august.

Vi har pilarar som samfunnet bygger på like tilbake til Magnus Lagabøte si landslov frå 1274. Kristenretten som vart innført på Moster i 1024, var forløparen. Dei fire guddommelege døtrene i salme 85 vers 11, utgjer sentrale pilarar: Miskunn. Sanning. Rettferd. Fred.

Må vi vere med å bere vidare desse verdiane i samfunnet vårt. Og må vi som kyrkje gjere vårt. Og vere ei tenande og misjonnerande folkekyrkje. Og må vi ta med oss orda vi får med oss ut frå kyrkja, og la dei omslutte oss i vårt daglege arbeid: «Gå i fred, og ten Herren med glede!»

*Ingunn Sognnes, kyrkjeverje*

## Råd og utval

Det har vore 6 møte i Gulen kyrkjelege råd/fellesråd, og det er til saman hand-sama 33 saker.

Junimøtet blei kombinert med sommaravslutning for stab og råd, der nyttilsett sokneprest Håkon Kinsarvik fekk treffe mange av dei han no samarbeider med. På septembermøtet blei dei tre sokneutvala inviterte med på fellesmøte for å utveksle erfaringar, kome med innspel og utfordre kvarandre på vidare arbeid: Kva går bra, kva kan vi slutte med, og er det nye aktivitetar vi har lyst til å starte med hjå oss?

Det har blitt ein god rutine at nokre av møta blir lagde utanom kommunehuset, slik at dei som sit i rådet, blir godt kjende i alle sokna med tilhøyrande kyrkjer og gravplassar. Det har vore synfaring både på Oppedal og Rutle gravplassar, samt på Mjømna etter at rullestolninggangen var ferdigstilt.

Det er oppnemnt eit AU (arbeidsutval) som består av leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje. AU blir i hovudsak brukt til kontakt via mail, med utveksling av synspunkt og orientering om spørsmål som treng ei rask avklaring.

Ved tilsetjing av ny trusopplærar føretok leiar i GKF og kyrkjeverja intervju, og innstilte til GKF som gjorde vedtak om tilsetjing.

Administrasjonsutvalet har vore sett saman av Bodil Bjørlo Takle, Åse Haugen og tilsettrepresentant Margrethe Skåden. Det har ikkje vore møte i utvalet i 2024.

## Medlemar og vara i Gulen kyrkjelege råd og fellesråd 2024:

Sokn	Medlem	Vara
Brekke	Bodil Bjørlo Takle Jan Helge Kristensen	Johnny Leidvin Langvatn Renate Sætre Line Sætre
Gulen	Åse Haugen Magny Eggum Berg	Odd Harald Eide Halvor Langeseth Brosvik Sigrun Haveland
Mjømna	Anne Kristine Evjenth Ytreøy Mina Catrin Dahl Andreassen	Sølvi-Ann Oddekalv Bente Iren Haugen Erene Oddrun Wilberg
Geistleg repre-sentant	Øystein Skauge Frå påske Bjørn Magne Hansen	Bjørn Magne Hansen
Frå 01.08.	Håkon Kinsarvik	Bjørn Magne Hansen
Kommunal repr. i GKF	Nils Inge Ynnesdal	Ingolf Wergeland

*Av dei faste, folkevalde medlemene i rådet er det 17 % menn og 83 % kvinner.*

## Tilsette i Gulen kyrkjelege fellesråd

Tilsette	Stilling	Storleik
Ingunn Sognnes	Kyrkjeverje	80 %
Margrethe Skåden	Kontorfullmektig	40 %
Peter T. Jobbagy	Organist	60 %
Peter T. Jobbagy	Kyrkjelydspedagog	26 %
fram til 01.08.24	Kyrkjjetenar Mjømna	14 %
Astrid Øie Tveit	Kyrkjjetenar Gulen	17 %
Randi Trædal	Kyrkjjetenar Brekke	14 %

Etter at Peter T. Jobbagy slutta i stillinga som kyrkjjetenar på Mjømna, har stillinga vore lyst ut, men det kom ingen søkjarar. Ingolf Wergeland har teke på seg jobben på timebasis, men ynskjer ikkje å gå inn i ei fast stilling. Det vert arbeidd med å få på plass vikarar som kan tre inn på kort varsel, då det ser ut til at det blir vanskeleg å få nokon tilsett på permanent basis.

Stillinga som trusopplærar i 25 % blei lyst ut på hausten, og Åse Haugen er tilsett med oppstart 01.01.2025.

Maren Daa Eide og Eirik Halsnes har blitt innleigde etter avtale på timebasis til konfirmantarbeidet.

Konfirmantkullet som starta opp hausten 2024, er lite, med berre 10 konfirmantar, men det har blitt ein fin start med ny prest på plass.

Fram til 01.08. var det tilsett 2,5 årsverk. Etter 01.08. har det gått ned til 2,1 årsverk, då trusopplærarstillinga har stått vakant, og kyrkjjetenar på Mjømna er etter avtale på timebasis. Det er ei overvekt av kvinner i staben, med 4 kvinner og 1 mann.

I tillegg kjem soknepreststillinga på 100 %.

Øystein Skauge slutta som vikarprest i 60 % til påske.

Torbjørn Sæle, sokneprest i Masfjorden, og sokneprest i Solund, Bjørn Magne Hansen, hadde ansvaret for konfirmantundervisninga og konfirmerte årets kull.

I tillegg tok prost Helge Taranrød ein del av gudstenestene, særleg ved påske og pinse.

Det er Bjørgvin bispedøme som er arbeidsgjevar for prestane, og prosten har ansvar for å syte for at prestenesta fungerer.

Samarbeidsavtalen som gjeld prestenesta i Gulen, Solund og Masfjorden, gav kontinuitet og stabilitet i ein periode før ny sokneprest kom på plass.

Det har ikkje vore sjukmeldingar ut over arbeidsgjevarperioden.

Klokkartenestene i Brekke, Gulen og Mjømna blir utført av frivillige.



# Gudstenester og kyrkjelege seremoniar

Tal for 2024. (2022 og 2023 i parentes)

Sokn	Tal gudstenester totalt	Tal fram-møtte	Snitt pr. gudsteneste	Tal konfirmererte	Tal døypte	Vig-sler	Gravferder
Mjømna	21 (19-21)	817 (810-877)	39 (42-41)	7 (4-3)	2 (5-7)	2 (2-1)	8 (9-7)
Gulen	25 (25-25)	1809 (1357-1653)	72 (54-66)	13 (8-17)	7 (13-6)	1 (2-1)	13 (10-16)
Brekke	17 (21-17)	776 (975-727)	45 (46-42)	5 (6-5)	6 (5-4)	3 (0-2)	6 (6-4)

## Trusopplæring frå 0-13 år

Når det gjeld trusopplæringa, så er det gjennomført hausttakkefest med utdeling av Mi kyrkjebok til 2-, 4- og 6-åringar i alle kyrkjene.

Tårnagentsamlinga i Gulen kyrkje blei gjennomført, medan Lys vaken på Mjømna gjekk ut på grunn av inga påmelding.

Det er gitt eitt årsabonnement av søndagsskulebladet Barnas til 6-åringane, og alle 6-åringane som er registrerte i medlemsregisteret til kyrkja får tilsendt bladet i posten. Det er starta opp søndagsskule på Dalsøyra, noko som er svært gledeleg. Nytt av året er at boka Arvegull blir delt ut til dåpsforeldra.

Konfirmantfesten har siste åra veksla mellom Byrknes og Brekke bedehus, i år var den på Byrknes etter samtalegudstenesta i Mjømna kyrkje.

Det var god oppslutnad både frå konfirmantane og foreldra.

For å få desse tiltaka til å fungere godt, er vi avhengige av frivillige som

stiller opp lokalt, anten det er medlemmar i sokneutvalet eller andre i bygda, i tillegg til dei tilsette i kyrkja.

Takk til bedehusstyra både i Brekke og i Byrknes bedehusapell for ikkje berre utlån av hus, men også for godt samarbeid med tilrettelegging og servering i ulike samanhengar når vi legg arrangement dit.

## Konfirmantarbeidet

**Våren 2024** var det 26 konfirmantar fordelt på dei tre sokna: 8 i Mjømna, 13 i Gulen og 5 i Brekke. Sidan soknepresten ikkje byrja før hausten 2024, har opplegget vore tilpassa, og prestane i Masfjorden og Solund har delt ansvaret for undervisninga. Deira innsats har vore uvurderleg for konfirmantane. I staden for seks kortare samlingar har konfirmantane dette året hatt fire lengre undervisningsdagar, supplert med sosiale samlingar gjennom våren. Maren Daa Eide og Eirik Halsnes har vore verdifulle ressursar i arbeidet, og trass i utfordringane knytte til prestesitua-

sjonen, har opplegget fungert godt.

**Hausten 2024** har konfirmantarbeidet i Gulen vore prega av eit variert og innhaldsrikt program. Konfirmantane har fått delta i gudstenester, undervisning, sosiale samlingar og refleksjonsgrupper. Dette året har me hatt ti konfirmantar, fordelt slik: to i Mjømna, to i Brekke og seks i Gulen.

Leiarane Maren Daa Eide, Eirik Halsnes og Odin Villanger Henriksbø har vore sentrale i gjennomføringa av konfirmantopplegget. Deira engasjement, erfaring og innsats har vore avgjerande, og me set stor pris på det arbeidet dei har lagt ned. Soknepresten har vore med i både planlegging og gjennomføring av konfirmantarbeidet, medan foreldra har bidrege som støttespelarar – anten det har vore med mat, vakthald eller transport. Deira innsats har vore til stor hjelp, og me vil rette ei stor takk til dei.

På lysmessa på første søndag i advent deltok konfirmantane spesielt i gudstenesta, med lystenning, forbøn, lesing og meir. Det var ei høgtideleg markering der vi blei minna om lyset som er sterkare enn mørket.

### **Felles overnatting i kyrkja**

Eit høgdepunkt i haust var den felles overnattinga i kyrkja saman med konfirmantar frå Solund og Masfjorden. Det vart ei natt fylt med fellesskap, undervisning og leik. Med ryggsekkar, liggeunderlag og soveposar møtte ein spent gjeng opp i Gulen kyrkje ein mørk novemberkveld, klare for ei oppleving utanom det vanlege.



Gjennom kvelden fekk konfirmantane bryne seg på rollespel og escape room der oppgåvene inkluderte morsealfabetet, bibelske puslespel og symboltolking – ein spennande miks av leik og alvor. Etter intens innsats fekk dei lojale til slutt overtaket, akkurat i tide til kveldsgudstenesta.

Bjørn Magne Hansen og Torbjørn Sæle bidrog med stemningsfull musikk og refleksjonar om lys og mørke, medan konfirmantane sjølve deltok aktivt i liturgien.

Etter gudstenesta heldt nokre ivrige sjeler aktivitetane gåande langt utover natta, medan andre fann ro mellom kyrkjebenkene.

Morgonen etter var det felles frukost og ei avsluttande samling med velsigning og song – ein fin slutt på ei oppleving som utan tvil vil bli hugsa lenge.

Me gler oss over engasjementet, og ser fram til eit nytt konfirmantår med nye opplevingar!



## Sokna

Kvart sokn har eit sokneutval. Det er ikkje eit formelt organ, men er viktig for å vere nær den einskilde kyrkje-lyden og bidra i det kyrkjelege arbeidet, samtidig som ein har kontakt inn mot Gulen kyrkjelege råd (GKR). Sokneutvala har blant anna oppgåver som kyrkjevertar, tek på seg dugnadsarbeid og kjem med innspel til GKR.

## Sokneutvala

### Brekke:

Renate Sætre (leiar), Bodil Bjørlo Takle, Jan Helge Kristensen, Johnny Leidvin Langvatn, Line Sætre, Inger Marie Håheim Tynning, Per-Arne Breidvik.

### Gulen:

Heidi Rosseland-Fjærestrand, Åse Haugen, Magny Eggum Berg, Odd Harald Eide, Halvor Langeseth Brosvik, Sigrun Haveland (leiar), Kari Hella Furnes, Laila Margaret Kjølby.

### Mjømna:

Anne Evjenth Ytreøy (leiar), Mina Dahl Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Bente Iren Haugen, Erene Oddrun Wilberg, Caroline Sivertsen Einebærholm, Gunnlaug Oddny Birkenes, Arve Harald Mjømen, Evy Marie Unneland.

## Brekke sokneutval

*v/Renate Sætre*

Sokneutvalet si kanskje viktigaste oppgåve er å vere kyrkjevertar og ordne med kaffi etter gudstenester, noko me føler kyrkjegjengarane set stor pris på. Det er sokneutvalet si

oppgåve å sette opp liste med kyrkjevertar og klokkarar, og å komme med forslag til offer.

I vår arrangerte sokneutvalet i lag med Brekke bygdekvinnelag ein dugnad i kyrkja og uteområda på kyrkjegarden. Me fordelte dugnaden på to dagar, då fekk ein anledning til å ferdigstille det me hadde sett føre oss, og vi kunne lage ei fleksibel løysing for dei som ville delta på dugnaden på den dagen det kunne passe best. Me var ein god gjeng som møtte til dugnad, og fekk rydda godt opp på uteområdet og ordna mykje inne i kyrkja.

Brekke sokneutval var med på å bidra med kyrkjekaffi og kaker etter jubileumsgudstenesta som vart arrangert i sommar i samband med landslovjubileet på Gulatinget.

I samarbeid med Brekke bygdekvinnelag arrangerte Brekke sokneutval den tradisjonsfesta adventsverkstaden i Risnehall. Eit koseleg arrangement med om lag 30 born som deltok. Etter adventsverkstaden var det gudsteneste, der konfirmantane deltok. Sokneutvalet gav til jul ein blome til dei som har mista ein av sine dette året.

## Gulen sokneutval

*v/Sigrun Haveland*

Vi har hatt tre møte i utvalet i 2024. Vi har vore med og organisert fasteaksjonen for konfirmantane og tatt nokre ruter grunna litt for få konfirmantar. Elles er oppgåva som kyrkjevertar vår viktigaste oppgåve. Vi ser det som ei viktig oppgåve å

ønske folk velkommen til gudsteneste og sørge for kaffi og kaker til kyrkje-kaffi, slik at vi legg til rette for sosialt samvær og den gode samtalen etter gudstenesta.

På jubileumsgudstenesta i august var alle sokna med og ordna med kyrkje-kaffi og andre praktiske ting.

Før jul hadde vi ein julekonsert med mange deltakarar og mykj flott sang og musikk.

Elles har vi hatt to dagar med dugnad i april, vaska inne i kyrkja og rydda på kyrkjegarden.

Vi har og så smått starta med søndagsskule på Dalsøyra saman med Hildegunn Atterås.

Det har ikkje vore så veldig stort oppmøte, men me held fram med ein gong i månaden og håpar på fleire born.

## **Mjømna sokneutval**

*v/Anne Evjenth Ytreøy*

Sokneutvalget har i løpet av året hatt sju møter der det stort sett har vært lagt planer for ulike aktiviteter som eldretreffene, høstfesten, lister for kirkeverter og for offergaver.

På noen av møtene våren -24 inviterte vi med oss Bjørn Magne Hansen (da i etterkant av eldretreff), og på siste møtet i høst inviterte vi Håkon Økland Kinsarvik. På dette møtet planla vi en del aktiviteter for våren 2025.

Klokkerteamet vårt bestående av Esther Unneland, Ingolf og Inger Marie Wergeland, Grete Lid og Bente Haugen, har som alltid gjort en glimrende jobb.

Dugnadsdagen våren -24 var svært vellykket, og det var mange som møtte opp for å arbeide. Alle oppgaver som var satt på planen, både ute og inne, ble ferdigstilt. Været var fint, så vi rundet av med kaffe og heimebakst på kirkebakken.

Utenom gudstjenestene har vi hatt følgende aktiviteter:

- Månedlige eldretreff på Byrknes bu- og omsorgssenter, der det er andakt ved Bjørn Magne Hansen. Kaffe og heimebakst blir servert av medlemmer av sokneutvalget. Det er også et populært åresalg der loddpengene fortrinnsvis skal benyttes til sosiale tiltak for beboerne på «Tunet».

- 8.-maigudstjenesten (frigjøringsdagen) i samarbeid med gruppen for Bjørn West minnestøtte var ved prost Helge Taranrød, og ukrainske flyktninger deltok med bl.a. sang. Det ble en fin markering av dagen, der ungdommer deltok med tale og kransenedleggelse.

- Eldretur i samarbeid med Solund sokn v/Bjørn Magne Hansen gleder vi oss like mye til hvert år.

- Høstfest med koldtbord (laget av sokneutvalget) og kakebord laget av velvillige sambygdingar, underholdning av Mott i brøstet, allsang, quiz m.m. er gjennomført også i år.

- Konfirmanttreff i bedehuset der representanter for sokneutvalget laget og serverte lasagne til deltakerne, slo godt an.

- På julekonsert med sang av Cherry Marie Evanger, Øyklang og Mott i brøstet var vi heldige som også fikk

med oss en gruppe ungdommer som ved siden av sine egne sanger, var forsangere ved allsang.

## Innsamlingar i sokna

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon blei også i år gjennomført ved at konfirmantane gjekk rundt på dørene med bøsse, og resultatet (kontantar og vipps) blei totalt på kr 41.519.

Fordelt på sokna kom det inn kr 28.396 i Gulen, i Brekke kr 6.794 og i Mjømna kr 6.329.

Kyrkjeoffera var på kr 69.370 i Gulen, kr 39.245 i Brekke og kr 30.687 i Mjømna. I tillegg er det samla inn kr 9.880 ved åresal på dei faste samlingane ein gong i månaden på Eldretunet på Byrknes. Det er sett i gang ei innsamling til nytt piano i Mjømna kyrkje til 125-årsjubileet i 2026, og noko av midlane innsamla på Eldretunet vil gå til det.

## Verdiåret 2024 i Bjørgvin



*Gulatinget med framføringa av Guds fire døtre, v/DNS.*

1000-årsjubileet for kristenretten og 750-årsjubileet for landslova blei markert på Gulatinget og i Gulen kyrkje 23.-25. august. Tema for jubileumsfeiringa var verdiar i lovverket: Folkestyre – Tillit – Fred.

Grunna svært dårleg vær og masse regn heile helga blei to konsertar

flytta frå Gulatinget til kyrkja: Fredag kveld med Jens Wendelboe og Hardanger Big Band, og laurdag med Anita Nordheim Blues n Groove Company.

Søndag 25. august var det jubileumsgudsteneste i kyrkja, der biskop Ragnhild Jepsen heldt preika. Som tekstlesarar deltok barne- og familierminister Kjersti Toppe og ordførar i Gulen, May Linn Osland. Liturgar var Bjørn Magne Hansen, prost Helge Taranrød og nyttilsett sokneprest Håkon Kinsarvik.

Etterpå var det kyrkjekaffi i Gulasalen på kommunehuset.



*Prosjektlear Gulatinget 2024 Tone Ekerhovd, biskop Ragnhild Jepsen, ordførar May-Lynn Osland, sokneprest Håkon Kinsarvik og statsråd Kjersti Toppe ved krossen i Krossteigen.*

Verdiåret blei også markert i kyrkjene i Bjørgvin i pinsa.

## Innsetjing av ny sokneprest

Håkon Kinsarvik blei innsett som ny sokneprest på gudstenesta 8. september i Gulen kyrkje. Leiar i Gulen kyrkjejelege råd, Bodil Bjørlo Takle, las

opp tenestebrevet frå biskop Ragnhild Jepsen, før prost Helge Taranrød velsigna Håkon med handspålegging. Vitne var Bjørn Magne Hansen, Torbjørn Sæle, Odd Harald Eide og Bodil Bjørlo Takle.



Arkivfoto

Dei etterfølgjande søndagane blei tenestebrevet lese opp i dei to andre kyrkjene.

Som takk for den ekstra innsatsen Bjørn Magne Hansen hadde gjort, både med å få tenestekabalen til å gå opp før ny sokneprest var på plass, og med jubileumsgudstenesta, fekk han overrekk ei skinninnbunden utgåve av Magnus Lagabøtes landslov, overrekk av leiar i Gulen kyrkjelege råd, Bodil Bjørlo Takle.

## Kyrkjelydsarbeidet

v/Håkon Kinsarvik

Hausten 2024 tok eg fatt som sokneprest i Gulen, og desse månadene har vore ein virvelvind av opplevingar, møte og nye menneske. Gulen, med sine mange kyrkjer og levande bygder, har synt seg som ein kommune med djupe røter i både tru og fellesskap. Her pustar folkekyrkja fritt, mellom menneske som ber arven

vidare.

I Gulen sokn er det kjekt å sjå at barnefamiliar vel å møta opp når dei får invitasjon til kyrkja.

Då me delte ut bøker til 2-, 4- og 6-åringane i haust, fylte dei kyrkja med forventning og små, spente hender. Brekke sokn syner seg i sterke salmetonar.

Det gjer meg glad å sjå at så mange vel å bera borna til dåpen i heimekyrkja sjølv om dei bur vekke.

Mjømna sokn har ein varme og eit fellesskap som rører djupt – ei dugnadsånd som bind saman.

Sokneutvalet vil noko, og det gleder meg.

På Byrknes bu- og omsorgssenter finn min gode kollega Bjørn Magne Hansen vegen med andaktar og song ein gong i månaden, med god hjelp frå frivillige.

1000-årsjubileet i august var ei feiring av Gulen og Noreg sin historiske arv. Regnet piska mot jorda, men folket fylte kyrkja, for fellesskap, for konsertar og heilage møte. Biskopen og ministeren var til stades, men det var ikkje dei åleine som gjorde feiringa stor – det var folket, historia, det levande engasjementet. Dette viser at kyrkja ikkje berre er eit rom for bøn og salme, men eit kulturelt hus, eit samlingspunkt for alt som bind oss saman. Eg vonar me kan dyrka denne rolla vidare i tida som kjem.

I september vart eg innsett som sokneprest. Det var ei stund fylt av alvor og glede, av tradisjon og nytt engasjement. Prestane frå Masfjorden og

Solund var med – eit teikn på at me ikkje står åleine, men saman. I september var det òg konfirmant-presentasjon i alle tre kyrkjene. Konfirmantarbeidet vårt har vore rikt, med samarbeid på tvers av kommunegrensar. I november overnatta me i kyrkja, og der – i det dempa lyset – vart me minna om at døden ikkje har siste ord. Når eit menneske går bort, opnar kyrkja dørene og famnar sorga. Eg ser det gong på gong – kor djupt folk treng rommet, rituala, orda, stilla. Samtalane med pårørande set spor. Dei minner meg om kva eit menneske er, og kva det har betydd for dei rundt. Det er stor oppslutnad om gravferd i kyrkja, og mange kjem òg til seremonien. Gjennom hausten og vinteren har me styrkt samarbeidet med sjukeheimen og bu- og omsorgssentra i kommunen. Seniorgudstenesta i desember vart ei varm og verdig samling, med godt oppmøte. Adventsgudstenestene ved bu- og omsorgssentera vart lyspunkt. At kyrkja framleis har ein viktig plass for dei eldre, rører meg. Dei ber historia vår i hendene sine, og det å få møte menneske med røter langt tilbake, er fint og sterkt. Samarbeidet med kommunen har vore godt, og skule- og barnehagegudstenestene viser at kyrkja framleis har ein plass. Dåpen er eitt av høgdepunkta i kyrkjeåret, men her ser me ei utfordring: Talet på dåp har gått ned frå 23 i 2023 til 15 i 2024, noko som i hovudsak har

med fødselstala i kommunen å gjera. Me ser òg at trusopplæringa har nedgang, og at talet på frivillige har minka med over 40 % dei siste fem åra. Dette er ein realitet me må ta på alvor, men det gir oss samstundes ein ny sjanse til å invitera fleire inn, finna nye måtar å engasjera folk på og bygga opp att eit sterkt fellesskap rundt kyrkja.

Det er sterkt å sjå at sokna tek ansvar for så mykje fint. Det er òg ei glede å vite at sundagsskulen er starta opp att på Dalsøyra. Born og unge er viktige satsingsområde.

## **Fellessamlingar og møte gjennom året**

Kyrkjeverja deltok på stiftsdagar i Bergen i februar.

Kyrkjeverja deltok på leiarkonferansen for Bjørgvin i Bergen i mars. Kyrkjeverja deltok på leiarkonferansen for kyrkjeverjer på Lillehammer i september.

Kyrkjeverja deltok på kystpilegrimskonferansen i Selje i oktober.

Kyrkjeverjelaget i NH prosti har møte fysisk eller på teams gjennom året for å drøfte aktuelle saker. Prosten deltek som regel på desse samlingane.

Kyrkjeverja og leiar i fellelrådet har hatt møte med ordførar og kommunadministrasjonen i samband med budsjettarbeidet og økonomiplanen. Leiar i rådet var med i tilsetjingsnemnda ved tilsetjing av ny sokneprest. Utsendingar frå kvart sokn møtte på rådsmøtet og stiftingsmøtet for Fjon fjellkyrkje.

## Kyrkjer og gravplassar

### Tilsyn i kyrkjene

Det har blitt utført tilsyn med sløkkeutstyret for brann i alle tre kyrkjene.

Kyrkjene har brannvarslingssystem som går rett til 110-sentralen.

Brannalarmen blei løyst ut ved starten på ei gudsteneste i Gulen kyrkje.

Lokalt brannvesen kom til og sjekka ut at det ikkje var brann. Innimellom dukkar det opp feilmeldingar, dei vert sjekka og kvitterte ut. Det er årleg kontroll av brannvarslingssystemet, med skifte av batteri mm.

Vi har avtale med eit firma om 3-årig EL-tilsyn, med eigenkontroll dei to andre åra. I år var det tid for ekstern kontroll, og avvik som blei avdekka, blir følgde opp.

### Brekke kyrkje og gravplass

Det er ikkje utført noko ekstra tiltak inne i kyrkja, men etter EL-kontrollen har ein fått skifta ut ein del av dei gamle kololeidningane med tilhøyrande lysbrytarar.

Det har blitt gjort ein del arbeid på gravplassen rundt kyrkja med å fjerne busker som har vakse opp og ikkje blitt stelte, særleg rundt gamle gravminne. Nokre stader såg det ut som der berre var ein busk, men då busken vart fjerna, dukka eit gjengrodd gravminne opp. Det er fjerna 38 gravminne rundt kyrkja, noko som gir høve til gjenbruk. I tillegg ser det meir velstelt ut når ein får rydda litt opp, og det vert lettare å halde det på sommaren med slått.

## Oppedal gravplass

Stakittgjerdet langs vegen har fått ei etterlengta renovering, med spyling og maling, utført av Brekke mannskor, for eit honorar til korkassa. Når dei først var i gang, tok dei også klokkestøpulen om hende, og det blei laga ei ny grind.



Tilkomsten frå vegen og opp til porten ved enden av gravplassen har vore dårleg, og det har vore vanskeleg å kome opp med bærebil på vinteren då det laga seg issvullar i vegen. Dette blei teke opp på eit møte i GKF, der det blei vedteke å løyve ekstra midlar for å få dette utbetra før vinteren. Vegen blei utbetra og vatnet lagt i røyr, samtidig som det er laga plass for parkering til 2-3 bilar, slik at pårørande som er dårlege til beins, også kan vere med på gravplassen.

### Gulen kyrkje og gravplass

Nytt fordelings-/sikringsskap kom på plass rett etter nyttår, og rommet attmed prestesakristiet er no omgjort til tavlerom. I tillegg er fire av røyr-omnane inne i kyrkja skifta.

Utvendig er rullstolrampen renovert, og rekkverket, kyrkjeporten og rekkverket ved hovudinngangen er pussa opp og malt. På parkeringsplassen er to nye lysmaster komne på plass, og lysmasta ved oppkøyringa til kyrkja er overteken av GKF. Tidlegare var den drifta av Eivindvik bygdelag. Det er fjerna 10 gravminne på gravplassen.

## Rutle gravplass

Opprustninga av gravplassen har gått over fleire år, og no er vi endeleg i hamn! Gravplassforvaltninga v/Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark godkjende søknaden om hjortegjerde, men med krav om planteplan med planting langs gjerdet for å dempe inntrykket. I slutten av august blei det planta laurbærhegg frå porten og mot minnestøtta, og frå minnestøtta er det planta ein type barlind. Det er god avstand mellom plantane, men det vil vere viktig framover å passe på at dei ikkje veks seg altfor store, så beskjering må til.

## Mjømna kyrkje og gravplass

Det er ikkje gjort ekstraordinært vedlikehald inne i kyrkja, men nyinnkjøpt skap for oppbevaring av messehaklane er kome på plass. Arbeidet med ny rullestolrampe blei ferdigstilt på nyåret og ferdigattest utferd. Ute bak kyrkja stod det ein del vatn i terrenget i haust, og det blei drenert og leda ned i avløp.

## Borgstova

Utvendig restaurering blei ferdig i 2023, men det stod att ein god del innvendig. Ny straumtilførsel måtte på plass, med nye kablar, sikringsskap og lys og varme etter dagens standard. Hjørnet med spor etter eldstad blei kledd inn, og langs veggen mot nord måtte mange bord skiftast ut. Langs etter heile veggen er det no ein benk som også kan nyttast til oppbevaring.



I sommar blei stova malt med fargen oker på vegger og bjelkar, den ligg nær opp til fargen vi fann spor av på veggene. Dei måtte først reinskast for store spikrar som såg ut til å ha vore brukte som «krokar». Det var ein heil jobb i seg sjølv. Vindauge, dør og tak

blei malte kvite, og resultatet blei bra. Det var meininga å olje golvet, men det rakk vi ikkje før det blei haust og kaldt, så det blir gjort til våren att. Etter jubileumsgudstenesta 25. august var det høve til å sjå innom på veg opp til kommunehuset for kyrkjekaffi. Vi inviterte alle på kommunehuset til grautlunsj i desember, det var eit samarbeid med trivselskomiteen på kommunehuset. Med bord og benker frå ulike hald, samt nokre kyrkjebenker, var det god plass til ca. 25 personar. Framover håpar vi at fleire vil bruke stova til ulike samlingar, og til sommaren vil den vere opa samtidig som vi har ope for besøkande i kyrkja.

## Økonomi

Det vert ført felles rekneskap for Gulen kyrkjelege råd og fellesrådet. Ofringar og gåver gitt i dei ulike kyrkjesokna blir førte under tenesta anna kyrkjeleg verksemd, og det kjem fram kor mykje som går til eige arbeid eller som blir vidaresendt til organisasjonane som er tildelt kyrkjeoffera. Rekneskapen for Gulen kyrkjelege fellesråd er ført på rekneskapsavdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen.

Det er gitt driftstilskot frå kommunen på kr 2.871.600 og investeringstilskot på kr 650.000.

I tillegg kjem verdien av tenesteytingsavtalen på kr 591.779, men den har ikkje resultatmessig effekt.

Tenestekjøpsavtalen med kommunen er revidert i løpet av året og oppdatert

i høve faktiske tenester og med indeksregulering, og vil frå 2025 heilt ut følgje den reviderte avtalen. Samarbeidet med kommunen er godt. Takk til alle som bidreg til det!

Kyrkjelydsbladet har kome ut med fire nummer, og det blei som tidlegare lagt inn giro i hausutgåva. Gåveinngangen har vore god, og det kom inn kr 61.265 i gåver til utgjeving av bladet. Mesteparten av arbeidet er dugnad, både med oppsett av bladet og med fordeling rundt i postkassane. Overskotet på kr 7.969,90 vert sett av på fond.

## Driftsrekneskapen er oppgjort med eit mindreforbruk

Mindreforbruket på drift er på kr 339.382,32.

I hovudsak er grunnen bruk av premiefond i KLP på kr 127.000, mindreforbruk på straum på ca kr 50.000 og vakanse i trusopp-lærarstillinga frå 01.08. på kr 90.000. I tillegg gir auka renter finansinntekter på kr 93.357.

## Investeringsrekneskapen er oppgjort i balanse

Det er gitt kr 650.000 i tilskot frå Gulen kommune, resten er finansiert med bruk av investeringsfond på kr 50.760.

Rekneskapen er oppgjort i balanse.

*Eivindvik, 20.02.2025*

*Bodil Bjørlo Takle, leiar GKR/GKF*  
*Ingunn Sognnes, kyrkjevevjerje*



## Ny medarbeidar: Åse Haugen



- Å, så kjekt, gratulerer med jobben, var nokre av dei helsingane Åse fekk etter det blei kjent at ho var tilsett som trusopplærar i 25 % stilling.

Mange kjenner Åse, men vi har møtt henne på kontoret for å bli betre kjend med henne.

- På kontoret, altså, har du fast kontorplass no?

- Ja, stas med kontor, og eige skilt på døra. Eg deler kontor med kyrkje-verja!

- Skal du jobbe mest på kontoret?

- Nei, eg må vere mest der eg kan treffe borna, og gjerne dei føresette. På kontoret er det førebuing, og så er det ein plass for å treffe dei andre i staben og planlegge saman.

- Kva oppgåver vil du ha i kyrkje-lyden, skal du berre vere i Eivindvik?

- Nei, eg skal vere både i Brekke, Mjømna og i Eivindvik. Nokre oppgåver er faste: Lys vaken, Tårnagent og utdeling av bøker. Det skjer i alle kyrkjene, noko av det på omgang.

- Andre aktivitetar du planlegg?

- Samarbeid med barnehagane om til dømes påskebodskapan med besøk i kyrkja; har lyst å prøve om eg får det til i kvar kyrkje.

- Du har jo prøvd dette, i fjor var barnehagen i Eivindvik på besøk, og du blei utfordra til å fortelje påskebodskapan til dei. Korleis var det?

- Veldig kjekt. Borna syntest påskebodskapan var spennande. Dei var delt i to grupper. Eg brukte flanellograf, og avslutta med song. Dette har eg lyst til også i år, gjerne i dei to andre sokna også.

- Vi prøver å kome opp med litt nye «sprell», og både eg og Håkon har masse gode idear! Aktivitetane kan skje på tvers av soknegrensene, og det går fint å samle ulike årsklassar for å få litt større grupper.

- På Mjømna skal vi ha tårnagent 15. mars, og invitasjon til alle 1.-3.-klassingane er gått ut i heile kommunen. Men kva arrangement har vore gjennomførte sidan du starta opp på nyåret?

- På planleggingsdagen 31.01. arrangerte vi Kyrkjeklubb i Gulen kyrkje, der 27 born deltok.

Før vi går vidare med dette konseptet, må vi gjennomgå og evaluere, men håpar å kunne ha fleire slike tilbud. På slike arrangement er frivillige medarbeidarar gull verdt!

- Takk for praten, Åse, og velkommen i staben, Vi gler oss til masse kjekt framover.

*Ingunn Sognes*

## Konfirmasjonane

### MJØMNA KYRKJE laurdag

26. april:

Nora Nadire Braathen Kirca  
Maiken Beheim Andreassen

### GULEN KYRKJE laurdag

3. mai:

Tore Molde Randal  
Elise Sognefest  
Trym Palmer Håvåg  
Casandra Linnea Haveland Kvingedal  
Simen Huseby Vilsvik  
Hannah Brudevoll

### BREKKE KYRKJE laurdag

10. mai:

Noah Engesæter-Oppedal  
Lasse Haugland Oppedal



*Gratulerer med dagen til konfir-  
mantar og føresette! Foto AT*

## Svar på puslekryssord i julenummeret

Etter rekordstor deltaking blei Karin  
Takle trekt ut som vinnar av  
puslekryssordet frå julenummeret.  
Ho får ein liten premie i posten.



## Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2025

**6.-8. april** går Kirkens Nødhjelp sin årlege fasteaksjon av stabelen. Årets hovudfokus er Zambia og nabolanda i det sørlege Afrika, som for tida er ramma av tørke. Fasteaksjonen har i år som formål å samle inn pengar slik at fleire kan få tilgang på reint drikkevatt, samt sikre vatn til jordbruket. **I år som tidlegare år, skal årets konfirantar delta på fasteaksjonen som bøsseberarar.**

**Ta vel imot dei!**

Du kan lese meir om fasteaksjonen her: <https://www.kirkensnodhjelp.no>

*Inger-Hanne Brosvik*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som var til stades ved vår mamma Marie Oppedal si gravferd og minnestund. Takk for gode ord, blomar og minnegåver. Takk til alle tilsette ved EBO og Gulen sjukeheim. Takk til prest Håkon Økland Kinsarvik, organist Boris Kuprijanov, og til Elise og Anne Britt Molde for vakker sang.

*Kåre, Arthur, Helen og Ruth*

## Nytt frå kyrkjelydane

**Døypte:**

**GULEN SOKN:**

**09.02.25:** Emilie Grindheim Eidnes.

**09.02.25:** Eli Sofie Dingen Varlid.

### **Vigde:**

#### **BREKKE SOKN:**

**31.12.24:** Ingvild Hindenes og  
Kristian André Asheim.

### **Døde:**

#### **BREKKE SOKN:**

**04.12.24:** Heidrun Irene Engesæter,  
f. 1955.

**06.02.25:** Øystein Hjartholm, f. 1932.

**06.02.25:** Leiv Olav Oppedal, f. 1944.

#### **MJØMNA SOKN:**

**04.12.25:** Ann Margrete Unneland,  
f. 1940.

**19.12.24:** Olga Byrknes Nymark,  
f. 1933.

**25.02.25:** Ragnhild Steintun, f. 1927.

#### **GULEN SOKN:**

**26.01.25:** Sverre Eide, f. 1950. (Sere-  
moni i Sortland kyrkje, urnenedsetting  
på Gulen gravplass.)

**06.02.25:** Marie Oppedal, f. 1923.

**21.02.25:** Eli Bastesen, f. 1943.

**21.02.25:** Svein Nilsen, f. 1944.

## **Besøk/andaktar våren 2025**

#### **Brekke bu- og omsorgssenter:**

08.04. kl. 11.00 Påskegudsteneste  
med nattverd v/HK

06.05. kl. 16.00 v/HK

03.06. kl. 11.00 v/HK

#### **Dalsøyra bu- og omsorgssenter:**

08.04. kl. 16.00 v/HK

06.05. kl. 11.00 v/HK

03.06. kl. 16.00 v/HK

#### **Eivindvik bu- og omsorgssenter:**

25.03. kl. 11.00 v/HK

22.04. kl. 16.00 v/HK

20.05. kl. 11.00 v/HK

17.06. kl. 16.00 v/HK

#### **Gulen sjukeheim:**

25.03. kl. 12.00 v/HK

22.04. kl. 12.00 Påskegudsteneste  
med nattverd v/HK

20.05. kl. 12.00 v/HK

17.06. kl. 12.00 v/HK

#### **Byrknes bu- og omsorgssenter:**

18.03. kl. 15.30 v/BMH. Eldretreff

15.04. kl. 15.30. Påskegudsteneste  
med nattverd v/BMH

29.04. kl. 15.30 v/BMH. Eldretreff

27.05. kl. 15.30 v/BMH. Eldretreff

### **Eldretur til Solund**

11.06. blir det eldretur til Solund.  
Samarbeid mellom Mjømna sokne-  
utval og Solund sokneråd.



## **Kyrkjekalenderen**

#### **Laurdag 15.03.:**

**Mjømna kyrkje kl. 10.00-13.00:**  
Tårnagent.

**16.03., 2. søndag i fastetida:**

**Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon**  
Kinsarvik. Offer: Sygna VGS.  
Soknemøte.

**23.03., Maria bodskapsdag:**

**Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon**  
Kinsarvik. Samtalegudsteneste.  
Konfirmantfest. Offer: Kyrkjelyds-  
arbeidet/Bedehuset.

**Laurdag 29.03.: Konsert**  
**Brekke kyrkje kl. 18.00** ved Brekke  
mannskor og Åsane menighetskor.

**30.03.**, 3. søndag i fastetida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i  
Mali. Soknemøte.

**06.04.:** Ikkje gudsteneste.

**13.04.**, Palmesøndag:  
**Byrknes bedehus kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**17.04.**, Skjærtorsdag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon  
Bergen.

**18.04.**, Langfredag:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Ikkje offer.

**20.04.**, Påskedag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Sundagsskule-  
forbundet Bergen.

**20.04.**, Påskedag:  
**Brekke kyrkje kl. 19.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kirkens bymisjon  
Bergen.

**Laurdag 26.04.: Konfirmasjon**  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Laurdag 03.05.: Konfirmasjon**  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Torsdag 08.05.:** Frigjeringsdagen  
**Mjømna kyrkje kl. 17.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Fredsgudsteneste.  
Offer: Rådet for psykisk helse.

**Laurdag 10.05.: Konfirmasjon**  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**11.05.**, 4. søndag i påsketida:  
**Gulen kyrkje kl. 16.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: NMS.

**18.05.:** Ikkje gudsteneste.

**25.05.**, 6. søndag i påsketida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Rådet for psykisk  
helse.

**01.06.:** Ikkje gudsteneste.

**08.06.**, Pinsedag:  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**09.06.:** 2. pinsedag:  
**Skjerjehamn kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Norsk Gideon.

**15.06.:** Ikkje gudsteneste.

**22.06.**, 2. søndag i treeiningstida:  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Sundags-  
skuleforbundet Bergen.

**29.06.**, 3. søndag i treeiningstida:  
**Gulen kyrkje kl 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Misjonsprosjektet i  
Mali.

**06.07.**, 4. søndag i treeiningstida:  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Håkon  
Kinsarvik. Offer: Stiftelsen Barne-  
vakten.

**13.07., 20.07. og 27.07.:** Ikkje  
gudsteneste.

